



**Tilleggsinnkalling  
for  
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk**

**Møtedato:** 05.12.2018

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Møtetid:** 09.00

**Saksliste:**

Saksnr	Tittel
086/2018	Revidering av handlingsplan i trafikksikringsplan 2014-2020

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærmere innkalling.

15. februar 2019

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
086/2018	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	05.12.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	18/1109	18/17247

## Revidering av handlingsplan i trafikksikringsplan 2014-2020

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Gjeldande trafikksikringsplan for Radøy kommune er utarbeidd som ein kommunedelplan for perioden 2014-2020. Planen er eit styringsverktøy som dannar grunnlag for prioriteringar for trafikksikring i kommunen. Målet er å bidra til å redusere tal, omfang og alvorsgrad på trafikkulykker. Trafikksikringsplanen er også ein føresetnad for å kunne søkje stønad til planlegging og gjennomføring av trafikksikringstiltak i kommunen.

Gjeldande trafikksikringsplan vart vedteke av kommunestyret 28.04.15, og det er tid for å revidere handlingsdelen i planen. Revisjonen er avgrensa til å oppdatere handlingsplan, gjennom å ta ut gjennomførte tiltak og legge til nye prioriteringar. Hovudvekt er lagt på handlingsplanen for fysiske trafikksikringstiltak. Årsaka er at tiltaksplanen for ikkje-fysiske tiltak og haldningsskapande arbeid etter rådmannen si vurdering er relativt oppdatert.

Oppstart av arbeid med å revidere handlingsplanen har vore kunngjort i brev til lag og organisasjonar 26.04.18, på nettsida, på facebook og i lokalavisane 20.02.18. Innspela som kom inn er handsama og vurdert av arbeidsgruppe nedsett av rådmannen, og prioriteringane er gjort på bakgrunn av kriterier og mål i eksisterande plan.

#### Vurdering

##### Fysiske tiltak

###### Større tiltak, fylkesvegar

Evaluering av handlingsplanen viser at dei prioriterte, fysiske trafikksikringstiltaka på fylkesvegane i kommunen i liten grad er utført. Prioriteringslista i gjeldande plan er utarbeidd etter ein grundig medverknadsprosess. Rådmannen rår til at eksisterande liste over større tiltak på fylkesveg i hovudsak vert oppretthalde, men med mindre endringar i prioritering, og nokre nye tiltak.

- Pri. 12) Manger: (fortau) Hesthaugen-Manger kyrkje vert prioritert høgare på lista som ein

følgje av at etablering av matvarebutikk genererer meir trafikk og gåande i området. Fortau kan også betre siktsituasjonen mot sør.

- Pri. 6) **Hellandskrysset:** utbetring prioritert opp på lista basert på busstopp med skulebarn og stor trafikk.
- Pri. 10) **Heile kommunen: rekverk og kantar.** Tiltaket er flytta til «mindre tiltak, fylkesvegar» og omfattar både kartlegging og utbetring.

I tillegg er følgjande tiltak lagt inn:

- **Div. asfaltering:** t.d. parti Gradnatun-Rossneset/Haukåsen

### **Mindre tiltak, fylkesvegar**

Eit av dei fire mindre tiltaka på fylkesvegar i handlingsplanen er utført, og tatt ut av lista. Dette gjeld følgjande tiltak:

- 2) **Hordabø skule:** fylle inn veglys.

Prioritering nr 1) Urhaug/Langhøyane er oppretthalde. SVV har tilrettelagt for fotgjengarovergang, men ikkje etablert dette.

Det er i tillegg lagt inn følgjande tiltak: vurdering av nedsett fartsgrense på dette strekket.

Prioritering Austebygd skule: fartsreduserande tiltak og betre skilting «skule» ligg framleis i handlingsplanen, sjølv om det er gjennomført fartsreduserande tiltak. Det gjenstår skilting av området ved skulen.

Følgjande tiltak er lagt til handlingsplanen for mindre tiltak, fylkesvegar:

- **Austmarka:** Permanent nedsett fartsgrense (60 km/t) forbi Austmarka, evt. til Storheimstø. Auka trafikk og aktivitet som følgje av butikketablering skapar farlege situasjoner.
- **Manger sør:** Forlenge 40-sona forbi eksisterande bensinstasjon ved Solendmyra, på bakgrunn av utviding av barnehage og mjuke trafikantar som nyttar tilbodet ved Helsehuset.
- **Mangersholmane:** Flytte oppheva 50-sone til etter badeplass.
- **Veglys** i området ved busshaldeplassar der det er skulebarn. Tiltak i påvente av større veglystiltak, t.d. Sævdal, Solend, Skjenet (Hella). Lista er ikkje uttømmande, og i tråd med prioriteringa av veglys langs skuleveg i gjeldande trafikksikringsplan.
- **FV 409:** Vurdere behov for trafikksikringstiltak på strekninga mellom krysset Radøyvegen-Solendvegen og 3-400 m nordover.
- **Solvang ungdomshus:** Vurdere trafikksikringstiltak. Uoversiktleg utkjørsel i sving.

### **Større tiltak, kommunale vegar**

Når det gjeld dei større tiltaka på kommunale vegar, er det gjort fleire endringar i handlingsplanen. Dette skuldast delvis at tiltak ikkje lenger er aktuelle, eller at dei er utført. Vidare er nokre tiltak på lista overført til prioriteringslista for fylkesveg.

Følgjande tiltak er tatt ut av handlingsplanen:

- 1) **Bø:** ny innkjørsel og parkering for barnehage. Tiltaket vert ivaretatt gjennom ny

reguleringsplan og bygging av ny barnehage.

2) **Manger skule:** ny parkering og av/påstigning. Tiltaket er utført.

7) **Hordabø skule-idrettsbana:** gang- og sykkelveg. Tiltaket står på tiltaksplan for fylkesvegar (større tiltak).

8) **Dale grendahus:** Vurdere trafikktihøve for barnehage. Tiltaket vert mindre aktuelt, fordi barnehagen vert flytta til Solhall (Manger).

Følgjande tiltak er flytta til handlingsplan for fylkeskommunale vegar:

6) **Mjøs/Straume/Soltveit og Austebygd skule:** utbetring.

Følgjande tiltak er lagt til i handlingsplanen:

- **Radøyhallen/Grønålen:** Iverksetting av trafiksikringstiltak i området ved Radøyhallen opp til busshaldeplass i tråd med tilrådingar frå Norconsult (2018).
- **Sæbø barnehage/skule:** Utbetring av parkeringstilhøva mm. ved Sæbø barnehage/skule i tråd med Norconsult (2018) si vurdering av trafikktryggleik ved barnehagen/skulen. Tiltaket er flytta frå prioriteringslista for mindre tiltak.
- **Manger sentrum sør:** Heilskapleg vurdering av trafikksituasjon og tiltak i området ved Helsehuset/Solhall.
- **Trævegen:** Lyssetting av vegen medførar auka bruk av Trævegen. Fjerning av trær bør sjåast i samanheng med fare for ras, og mogleg er det behov for bistand til dette.

#### **Mindre tiltak, kommunale vegar**

Følgjande tiltak er utført, og derfor tatt ut av handlingsplanen for mindre tiltak på kommunale vegar:

1. **Nordbøvegen:** fortau og veglys.
2. **Prestmarkvegen:** fartshumpar.

Det er lagt til mindre tiltak i handlingsplanen:

- **Manger sentrum sør:** Fotgjengarfelt som bind saman gangveg langs fylkesveg ved Solhall/Helsehuset.
- **Trævegen:** sikringstiltak på brua i Trævegen, då muren har blitt svært låg etter asfaltering.
- **Austmarka:** Skilting, evt. fysisk regulering av interne gangvegar i byggefelt. Fleire felt kan vere aktuelle.

Følgjande tiltak er flytta:

- **Manger-Birkeland:** veglys. Er flytta til prioriteringsliste for større tiltak på fylkeveg, og lagt inn under punktet Manger-Bø: gang-, sykkelveg og veglys.

## **Ikkje-fysiske tiltak (kunnskap og haldning)**

Handlingsplanen for ikkje-fysiske tiltak i trafikksikringsarbeidet er generelt utforma, og bør spesifiserast i dei årlege handlingsplanane for dei ulike tenestene. Følgjande tiltak er tatt ut av handlingsplanen fordi det er utført:

2. **Skuleskyss:** vurdering av særordninga for skuleskyss.

## **Konklusjon**

Revidering av handlingsplanen i gjeldande trafikksikringsplan styrkar planen som styringsverktøy, og dannar grunnlag for prioriteringar og søknad om tilskot. Det er ikkje gjort vesentlege endringer i tiltaksplan for ikkje-fysiske tiltak. Større og meir omfattande strategisk arbeid med trafikksikringsarbeidet vert lagt til Alver kommune.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Revidert handlingsplan i trafikksikringsplanen for Radøy kommune (2014-2020) vert vedteke slik den ligg føre.

## **Vedlegg:**

Innspel til trafikksikringsplan.

Fylkesveg 709 - Manger - ønske om utbetring

Innspel trafikksikringsplan

Innspel trafikksikringsplan

Innspel til trafikksikringsplan

Innspel frå Risnes Grendalag

Innspel frå Risnes Grendalag

Innspel til trafikksikringsplanen. Handlingsdelen.

Innspel til trafikksikringsplan

PrioriteringVeglys1983

Spørsmål Spørjetimen 21092017

Innspel til Trafikksikringsplan 2014 - 2020

Trafikksikringsplan Solvang

Rullering av handlingsdel i trafikksikringsplanen - innspel

VS Redusert fartsgrense vegen om Mangervågen

Trafikk i Helsehus- og Solhallområdet

Trafikksikringsplan

Rapport trafikksikring Norconsult